



Til ungdomsskulane i Hordaland

Dato: 02.09.2015
Vår ref.: 2015/8963-1
Saksbehandlar: akysam
Dykkar ref.:

Informasjon om melding til Fylkeskommunen som gjeld 1. februar-søkjarar

Vi viser til forskrift til opplæringslova kap. 6 *Inntak til vidaregåande opplæring*. Informasjonen i dette brevet handlar om § 6-15, § 6-17 og § 6-18 i forskrifta.

- **§ 6-15 Fortrinnsrett til eit særskilt utdanningsprogram**

Kommunen må melde søkjaren til Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen som skal vurdere om eleven har rett til inntak etter denne paragrafen. Sakkunnig instans er PP-tenesta i fylkeskommunen.

Elevar som søker om fortrinnsrett etter § 6-15 må ha:

- a. rett til spesialundervisning etter § 5-1 i opplæringslova. Behovet for spesialundervisning må vere omfattande på grunn av vanskaner som ligg til grunn for søknaden.
- b. eit særleg behov for inntak til eit bestemt utdanningsprogram. Dette behovet må vere svært viktig for moglegheit for å fullføre vidaregåande opplæring med yrkes- eller studiekompetanse.

Motivasjon eller diagnosar aleine utløyser ikkje denne retten.

Kva skal kommunen sende til fylkeskommunen:

Kommunen v/ rektor skal sende følgjande dokument til Opplæringsavdelinga i fylkeskommunen:

- Utfylt skjema *Melding til fylkeskommunen* med vedlegg (sjå <http://www.hfk.no/Hordaland-fylkeskommune/opplaering/inntak/Soknadsskjema-inntak/>)

På bakgrunn av dette vil Opplæringsavdelinga:

1. Vurdere om søkjaren oppfyller dei to vilkåra i § 6-15
2. Dersom søkjaren oppfyller vilkåra, vil Opplæringsavdelinga melde søkjaren vidare til fylkeskommunal pp-teneste (OT/PPT) for ei sakkunnig vurdering etter § 6-16.
3. Dersom søkjaren *ikkje* oppfyller vilkåra, blir saka sendt tilbake til kommunen med skriftleg grunngjeving. Saka blir då ikkje meldt vidare til OT/PPT.

Frist for melding: For skuleåret 2016/2017 er fristen 1. oktober.

3. Dersom søkjaren *ikkje* oppfyller vilkåra, blir saka sendt tilbake til kommunen med skriftleg grunngjeving. Saka blir då ikkje meldt vidare til OT/PPT.

Frist for melding: For skuleåret 2016/2017 er fristen 1. oktober.

Dokumenta skal sendast til:

Hordaland fylkeskommune
Seksjon skule
Pb. 7900
5020 Bergen

For spørsmål ta kontakt med: Opplæringsavdelinga, seksjon skule, 55239230

Linda Farestveit
seksjonsleiar

Akylina Samara
spesialrådgjevar

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.